



Arkivnr: 2018/10836-1  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                         | Saknr. | Møtedato |
|-------------------------------|--------|----------|
| Utval for miljø og samferdsel |        |          |
| Fylkesutvalet                 |        |          |

## Offentleg kjøp av regionale flyruter i Sør-Noreg - Høyringsfråsegn

### Samandrag

For å sikre eit flytilbod der det er lite sannsynleg at flyselskapa vil drive på kommersielt grunnlag, kjøper staten tenester gjennom såkalla FOT-ruter (Forplikingar til Offentleg Tenesteyting). Møreforskning Molde AS har i samarbeid med Transportøkonomisk institutt på oppdrag frå Samferdselsdepartementet bestilt ei ekstern utgreiing om det statlege kjøpet i Sør-Noreg frå 1. april 2020. Rapporten vil inngå som ein del av høyringsgrunnlaget som høyringsinstansane vert bedne om å vurdere og kommentere i sine innspel. Høyringsfristen er sett til 28. mai 2018.

3 av flyplassane i Sogn og Fjordane i tillegg til Ørsta-Volda er med i FOT-ordninga. Rutene til og frå Florø vart teke ut av ordninga i 2016.

Rapporten føreslår ma:

- Krav om setekapasitet bør formulerast ut på års- eller sesongbasis. Rigide krav pr dag og uke fører til dårleg tilpassing til faktisk etterspurnad og reduserer operatørane sine moglegheit til å trekkje ut samdriftsvinster.
- Maksimalkast som i dag
- Inga krav til frekvens, flystorleik eller ruteføring

Det er ikkje føreslått vesentlege endringar i kapasitet. Ruta Bergen-Førde er føreslått teke ut av ordninga.

Fylkesrådmannen peiker på behovet for eit tilstrekkeleg rutetilbod mellom Bergen og Sogn og Fjordane når Vestland fylkeskommune blir danna. Fylkesrådmannen støtter elles at det blir meir generelle krav til frekvens, flystorleik og ruteføring.

**Økonomi:** Har ingen direkte konsekvensar for fylkeskommunen sin økonomi. Eit godt flytilbod kan på sikt få betydning for effektiviteten i drifta av nye Vestland fylkeskommune

**Klima:** Auke i flytilbod vil kunne føre til meir klimagassutslepp.

**Folkehelse:** Godt flytilbod er viktig for busetnad og for livskvalitet i dei distrikta som tilbodet gjeld.

**Regional planstrategi:** Med etablering av nye Vestland fylkeskommune er flytilbodet viktig for å ha god kommunikasjon i fylket.

### **Forslag til innstilling**

1. Etablering av Vestland fylkeskommune vil auke betydninga av sambanda mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og kan føre til auka etterspurnad ut over det som er rekna ut i rapporten. Dette bør takast omsyn til i kapasitetsutrekningane. Dette er ein faktor som ikkje er omtala i rapporten.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at det vil vere uheldig om ruta Førde-Bergen vert teke ut av FOT-ordninga. Det vil føre til svekka intern kommunikasjon i nye Vestland fylkeskommune.
3. Hordaland fylkeskommune støtter elles meir fleksible krav til ruteføring, frekvens og flystorleik. Dette kan gje ei betre tilpassing mellom behova i regionen og kapasitet, samt lågare kostnader for ordninga.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 04.05.2018

## Bakgrunn

For å sikre eit flytilbod kjøper staten tenester gjennom såkalla FOT-ruter (Forplikingar til Offentleg Tenesteyting). Ordninga skal sikre eit tilbod der det er lite sannsynleg at flyselskapa vil drive på kommersielt grunnlag.

Møreforskning Molde AS har i samarbeid med Transportøkonomisk institutt på oppdrag frå Samferdselsdepartementet bestilt ei ekstern utgreiing om det statlege kjøpet i Sør-Noreg frå 1. april 2020. Vurderingane i rapporten er gjorde av konsulenten og er eit av fleire innspel som Samferdselsdepartementet vil vurdere før nye (FOT) vert fastsatt. Rapporten vil inngå som ein del av høyringsgrunnlaget som høyringsinstansane vert bedne om å vurdere og kommentere i sine innspel. Høyringsfristen er sett til 28. mai 2018.

Høyringsdokumenta ligg på: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/forslag-til-offentleg-kjop-av-regionale-flyruter-i-sor-noreg/id2591295/>

## FOT-ruter

I dag omfattar FOT-rutene i Sør-Norge følgjande strekningar:

- Førde- Oslo
- Førde-Bergen
- Sogndal-Oslo
- Sogndal-Bergen
- Sandane-Oslo
- Sandane-Bergen
- Ørsta/Volda-Bergen
- Røros-Oslo

Følgjande ruter er vurderte i rapporten, men har vore kommersielle sidan 1.04.2016:

- Ørsta/Volda-Oslo
- Florø-Oslo
- Florø-Bergen

## Sentrale premisser og konklusjonar i rapporten

Dagens trafikk og prognoser for trafikken frametter er (1000 passasjerar)

| Strekning         | 2017 | 2020 | 2024 |
|-------------------|------|------|------|
| Sogndal-Oslo      | 45   | 47   | 51   |
| Sogndal-Bergen    | 16   | 16   | 17   |
| Førde-Oslo        | 72   | 75   | 77   |
| Førde-Bergen      | 9    | 9    | 10   |
| Sogndal-Oslo      | 31   | 32   | 33   |
| Sogndal-Bergen    | 4    | 4    | 4    |
| Ørsta/Volda -Oslo | 21   | 26   | 26   |
| Røros-Oslo        | 25   | 26   | 26   |
| Florø-Oslo        | 46   | 50   | 51   |
| Florø-Bergen      | 49   | 54   | 55   |
| Ørsta/Volda-Oslo  | 84   | 90   | 92   |

Rapporten konkluderer med at det ikkje synast å liggje an til vesentleg auke i kapasitetsbehov for nokon av FOT-strekningane i perioden. For dei kommersielle rutene (dei tre siste i tabellen ovanfor), er det rekna nok høgare vekst. For Florø skuldast det m.a. noko høgare aktivitetsnivå på sokkelen. Det har vore ein trafikkreduksjon på rundt 10 pst for rutene på Florø og Ørsta/Volda-Oslo etter at dei vart teke ut av FOT-ordninga.

Delen arbeidsbetinga reiser er relativ høg for flyrutene på Vestlandet. Særleg gjeld det Florø, men også alle dei andre ligg frå om lag 50 pst til 60 pst del arbeidsbetinga reiser. Dette er høgare enn landsgjennomsnittet som ligg på 48 pst.

Det er gjort ei undersøking blant næringsdrivande i Sogn og Fjordane som viser at dei er ganske misfornøgde med delar av tilbodet. Dette gjeld særleg reisetidspunkt frå Oslo og tilbodet mot Bergen. Dei meiner og at billettprisane er for høge.

Ved bortfall av FOT-ordninga vil resultatet kunne bli noko redusert freksens, lågare rutedriftskostnader og høgare priser. Samfunnsøkonomisk vil dette kunne bli motsvart av mindre statlege overføringar, slik at den samfunnsøkonomiske nettoeffekten er usikker. På den annen side gir bortfall av ordninga ein vesentleg negativ effekt for passasjerar og lokalsamfunn. Det er ikkje grunn til å tru at det blir styrkt konkurranse om FOT-ordninga avviklast. Rapporten konkluderer difor med at det først og fremst er eit politisk spørsmål om rutetilbodet skal fortsette.

Det er gjort utrekningar som viser at ruta Bergen-Førde ikkje har vesentleg kostnadsbesparing for dei reisande, samanlikna med anna transport. Den har heller inga vesentleg effekt på oppfylling av transportstandardkriterier. Rapporten konkluderer difor at ruta bør bli teke ut av FOT-rutene.

Rapporten konkluderer vidare med:

- Krav om setekapasitet bør formulerast ut på års- eller sesongbasis. Rigide krav pr dag og uke fører til dårleg tilpassing til faktisk etterspurnad og reduserer operatørane sine moglegheit til å trekkje ut samdriftsvinster. Det er også føreslått å avstå frå krav om tal rundturer, flystorleik og direkte ruteføring.
- Maksimaltakst som i dag
- Generelle krav til minimum ruteføring kan formulerast som:
  - 1 avgang til Oslo med landing seinast kl 8.00
  - 1 avgang frå Oslo tidlegast kl 16.30
  - 1 avgang til Bergen med landing seinast kl 9.30
  - 1 avgang frå Bergen tidlegast kl 16.30

Nedanfor viser vi tilrådingane for flyplassane med samband til Bergen:

#### **Førde**

- 117 000 seter blir tilbudt t/r Oslo.
- Førde-Bergen blir teke ut av FOT

#### **Sogndal**

- 757.00 seter t/r Oslo, 6 000 seter t/r Bergen

#### **Sandane**

- 57 000 seter t/r Oslo og 6 000 seter t/r Bergen

#### **Ørsta-Volda:**

- 145 000 seter t/r Oslo om ruta igjen skal inn i FOT
- 35 000 seter t/r Bergen

### **Florø**

Om Florø blir tilbakeført til FOT, er tilrådinga:

- 97 000 seter t/r Oslo, og 97 000 seter t/r til Bergen
- Maksimalkast redusert til samanliknbart FOT-nivå

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

Med etablering av Vestland fylkeskommune, vert betydinga av sambanda større. For den nye fylkeskommunen vil det vere ein kritisk faktor at det er tilfredstillande kapasitet og frekvens for flytilbodet mellom Bergen og Sogn og Fjordane. Det er grunn til å tru at fylkessamanslåinga også vil føre til tettare kontakt og dermed også høgare passasjertal for desse rutene. Fylkesrådmannen meiner difor at det vil vere uheldig om ruta Førde-Bergen vert teke ut av FOT-ordninga. Dette er ein faktor som ikkje er omtala i rapporten. Det er også behov for å oppretthalde og styrkje sambanda mellom Bergen og dei andre flyplassane i Sogn og Fjordane.

Vidare meiner fylkesrådmannen at det er fornuftig at det leggjast opp til meir fleksibilitet med omsyn til flystorleik, frekvens og ruteopplegg. Det kan føre til reduserte kostnader for ordninga.

Stord lufthamn Sørstokken er ikkje i dag ein del av Avinor sitt nettverk, og er med dette ikkje omfatta av ordninga med FOT-ruter.